

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 14.01.2017
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Oppdragsdokument 2017**

ARKIVSAK: 2016/3337
STYRESAK: **009/17**

STYREMØTE: **02.02. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2017 til Helse Vest RHF til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 10. januar 2017 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbudskep, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2017. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Som i 2016 er oppdragsdokumentet også i år samla i tre overordna styringsmål, med tilhøyrande *mål* og *andre oppgåver* for 2017, for all aktivitet ved sjukehusa. Dei tre overordna styringsmåla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerhet

Kommentarar

Statsråden sin «sjukehustale» blei gjennomført i forkant av felles føretaksmøte for dei fire regionale helseføretaka, der oppdragsdokumentet for 2017 også blei overlevert.

I år, som i fjor, er statsråden oppteken av å skape pasienten si helseteneste, der pasienten skal vere ein aktiv og likeverdig deltakar. Pasienten skal bli møtt med openheit og respekt, og skal få moglegheit til å delta i avgjerslene om eiga behandling. Viktige tiltak for å oppnå pasienten si helseteneste er heilskaplege og samanhengande tenester mellom spesialist- og kommunehelstetenesta, samt god kommunikasjon mellom helsepersonell og pasient.

Pasientane skal sleppe unødvendig ventetid på behandling, og det er forventa betre samarbeid mellom private og offentlege helsetenester for betre kapasitetsutnytting, større valfridom for pasientane og nye arbeids- og samarbeidsformer.

I tillegg til pakkeforløpa for kreftbehandling, vil det også bli innført pakkeforløp for hjerneslag og psykisk helse og rus.

Innanfor psykisk helsevern og rus vil fortsatt den «gylne regel», som inneber at det skal vere høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn somatikk, bli vidareført. Det blir vidare lagt opp til at det skal vere meir samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane for at pasientar skal få eit meir heilskapleg og tilrettelagt tilbod der dei bur. I psykisk helsevern skal tala på tvangsbruk reduserast.

I kjølvatnet av «glassjentesaka¹», der vi har lært om Ida som ikkje fekk forsvarleg hjelp frå barnevern- og helsetenester, vil det no bli satsa på å utvikle tilbod til barn og unge i institusjon med psykiske hjelpebehov.

Kvalitetsmålingar, pasientsikkerheitsmålingar og pasienterfaringar må brukast aktivt i utforminga av helsetenestetilbodet og i systematisk forbetningsarbeid, og helse, miljø og sikkerheit (HMS) skal vere ein integrert del av kvalitet- og pasientsikkerheitsarbeidet.

Vedlegg:
Oppdragsdokument 2017 Helse Vest RHF

¹ «Dei forsto meg ikkje». [Tilsynsrapport 19. september 2016](#)